



DET KONGELEGE
SAMFERDSELSDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 17

(2003–2004)

Om lov om endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag)

*Tilråding frå Samferdselsdepartementet av 21. november 2003,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen og bakgrunnen for lovforslaget

Med heimel i lov 18. juni 1965 nr. 4 om vegtrafikk § 24 siste ledd og lov 4. juni 1976 nr. 63 om samferdsel (samferdselsloven) § 13 nr. 3 kunne det stilast krav om kjøresetel for førar ved persontransport mot vederlag. Reglane er no plasserte i forskrifter om førerkort og førerprøve m.v. av 23. februar 1979 nr. 4 (førerkortforskriften) § 7 nr. 7, og dei har tidlegare vore plasserte i eiga forskrift om kjøresetel. Styresmaktene kan på nærare fastsette vilkår kalle tilbake, beslagleggje eller nekte tildeling av kjøresetel. Vedtaka blir i dag trefte administrativt av politiet, og vedtaka kan påklagast administrativt eller bringast inn for domstolane ved sivilt søksmål. Samferdselsloven er nå avløyst av lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportloven).

Justisdepartementet foreslo i Ot.prp. nr. 52 (2002–2003) Om lov om endringer i vegtrafikkloven m.v. (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn m.v.) at kompetansen til å ta frå nokon retten til å føre førarkortpliktig motorvogn

m.v. på grunn av straffbare forhold, skal overførast til domstolane og at avgjerda skal treffast i samband med straffesaka. Denne overføringa av kompetanse skal berre gjelde der tap av retten til å føre førarkortpliktig motorvogn m.m. er grunna i straffbare forhold, jf. lovendring 7. april 2003 nr. 77.

Det blei og foreslått at tilsvarende reglar skal gjelde for tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag (kjøresetel), og at reglane skal flyttast frå forskrift til formell lov.

Ot.prp. nr. 52 (2002–2003) hadde berre forslag til endringar i vegtrafikkloven. Av den grunn fremmar Samferdselsdepartementet ein eigen odelsingsproposisjon om endringar i yrkestransportloven, slik at reglane for tap av retten til føre motorvogn ved persontransport mot vederlag på grunn av straffbare forhold får heimel i formell lov. Dette forslaget har ikkje vore sendt på eiga høyring.

Spørsmålet om å endre saksbehandlingsreglane for tap av retten til å ha førarkort og andre liknande reaksjonar som følgje av ei straffbar handling har vore reist ei rekkje gonger. Justisdepartementet sendte 20. september 2002 eit forslag om endringar i reglane om tap av retten til å føre motorvogn m.m. på høyring.

Om lov om endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag)

I høyringsnotatet foreslo Justisdepartementet mellom anna at spørsmålet om tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag, skulle behandlast som ledd i ei straffesak når grunnlaget for tilbakekallet er ei straffbar handling.

Føresetnaden for forslaget var at etablert praksis skal vidareførast når domstolane behandlar spørsmålet.

For oversikt over høyringsinstansane vert det vist til Ot.prp. nr. 52 (2002–2003).

2 Oversikt over gjeldande rett

Gjeldande reglar om kjøresetel finst no i forskrifter om førerkort og førerprøve m.v. av 23. februar 1979 nr. 4 (førerkortforskriften) § 7 nr. 7. Ved persontransport mot vederlag må førar av drosje, selskapsvogn, turvogn, rutevogn og motorvogn som er spesielt utforma og/eller utstyrt for transport for funksjonshemma i tillegg til førarkort ha kjøresetel, jf. førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav a. Den som skal få kjøresetel, må vera fylt 20 år og ha slik vandel at politiet ikkje finn vedkommande uskikka til å virke som førar ved persontransport mot vederlag, og oppfylle dei nødvendige helsekrav, jf. førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav c og d. Kjøresetelen blir utferda av politimeisteren der vedkommande bur og gjeld for 10 år.

Kjøresetel kan tapast med heimel i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav h andre punktum. Politiet kan tilbakekalle kjøresetelen når føraren er idømd straff for brot på reglar fastsette i eller i medhald av yrkestransportloven, pliktavholdsloven eller vegtrafikkloven, dersom allmenne omsyn krev det. Tilbakekallet kan gjelde for ei bestemt tid eller for alltid.

Førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav c gir politiet heimel til å nekte og utferde kjøresetel dersom vedkommande sin vandel gjer han uskikka til å drive persontransport mot vederlag.

Førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav h første punktum gir politiet heimel til å tilbakekalle kjøresetelen dersom vedkommande ikkje er skikka til å drive persontransport mot vederlag.

Politiet sitt vedtak om kjøresetel er eit enkeltvedtak, jf. forvaltningsloven § 2 første ledd bokstav a og b. Vedtaket skal grunngjevast, og innehavaren skal varslast på førehand, jf. forvaltningsloven §§ 24 og 16. Ved beslag av kjøresetel er det ikkje nødvendig med varsel på førehand, jf. forvaltningsloven § 16 tredje ledd bokstav a. Reglane om klage i forvaltningsloven gjeld og i høve til kjøresetel. Klagefristen er tre veker frå då melding om vedtaket kom fram, jf. forvaltningsloven § 29 første ledd. Politi-

direktoratet er klageinstans for vedtak treft av politiet, jf. førerkortforskriften § 40 andre ledd. For beslag av kjøresetel er det lagt til grunn at innehavaren ikkje kan klage til Politidirektoratet i dei tre vekene politiet har rett til å ta beslag i kjøresetelen utan samtykke frå innehavaren. Vedtaket kan og bringast inn for domstolane ved sivilt søksmål.

Med heimel i forvaltningsloven § 35 kan eit forvaltningsorgan gjere om sitt eige vedtak om nekting, mellombels nekting, beslag og tilbakekall av kjøresetel.

3 Forslaget om overføring av kompetanse frå politi til domstol i samband med tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag

Bakgrunnen for forslaget om å overføre kompetansen til å fastsetje tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag frå politiet til domstolane, er basert på fleire argument. Mellom anna ønskje om ein samordna reaksjon, den dømde sitt behov for ei hurtig og samla fastsetting av konsekvensane av ei straffbar handling, auka preventiv effekt ved rask saksbehandling og sikker og forsvareleg saksbehandling. Tilsvarande gjeld og ved førelegg. Reglane om tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag liknar i stor utstrekning reglane om tap av retten til å føre førarkortpliktig motorvogn m.m., og bør av den grunn behandlast på same måte. I høyringsnotatet om endringar i vegtrafikkloven blei høyringsinstansane særskild bedt om sine synspunkt med omsyn til reglane om tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag.

Resultatet av høyringa er framstilt i Ot.prp. nr. 52 (2002–2003) og er i tråd med ovannemnde argument. Det er og lagt til grunn at ei slik omlegging av praksis vil hindre tvil om vedtaket er i strid med den europeiske menneskerettighetskonvensjon (EMK). Ei ordning der domstolen avgjer reaksjonar om tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag som ein del av ei straffesak, er mest i samsvar med EMK. Føresetnaden for slik overføring av kompetanse til domstolane er likevel at nåverande skjematisk praksis blir ført vidare. Dette vil skje ved forskrift, jf. yrkestransportloven § 35.

Dei fleste høyringsinstansane meiner at reglane om tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag bør fastsetjast i formell lov og ikkje i forskrift som i dag. Grunnen er inngrepet

Om lov om endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag)

sin alvorlige karakter og at det liknar tap av retten til å føre førarkortpliktig motorvogn m.m. som reaksjon. For å få eit mest mogeleg oversiktlig regelverk bør og reglane om nekting, mellombels nekting og beslag av kjøresetel overførast til formell lov. Det blir likevel slik at kompetansen til nekting, mellombels nekting og beslag framleis skal liggje hos politiet.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane i yrkestransportloven vil i første rekkje få konsekvensar for politi, påtalemakta og domstolane fordi fleire spørsmål om fastsetjing av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag må prosederast i samband med straffesaka. Vidare vil endringane få konsekvensar for Samferdselsdepartementet, Vegdirektoratet og Politidirektoratet som må utarbeide nærare retningslinjer, rundskriv og andre administrative tiltak.

Elles blir det vist til Ot.prp. nr. 52 (2002–2003) der det er gjort nærare greie for dei økonomiske og administrative konsekvensane i samband med overføring av kompetansen frå politi til domstol.

Det er ein føresetnad for at loven skal kunne gjennomførast i tråd med formålet at det finst ei samla oversikt over utferdta kjørsetlar. Det er i dag inga slik samla oversikt. Påtalemakta må derfor ta kontakt med alle politidistrikta og lensmannskontora for å undersøkje om ein tiltalt har kjøresetel i anna distrikt. Dersom tiltalte har kjøresetel i eit anna distrikt utan at påtalemakta er klar over det, vil ikkje påtalemakta kunne fastsetje tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag på eit seinare tidspunkt, om dei først då blir klar over at tiltalte har kjøresetel. Sjølv om ei slik undersøkjing om vedkommande har kjøresetel i andre politidistrikt blir nødvendig, er ein slik praksis også naturleg for politiet i høve til gjeldande regelverk.

5 Merknader til lovforslaget

Endringane i reglane om kjøresetel inneber i all hovudsak ingen realitetsendringar i høve til nåverande regelverk. Dei materielle endringane gjeld overføring av kompetansen ved tilbakekall og kva for styresmakt som kan gjere unntak frå regelverket.

5.1 Til lovforslaget del I – endringar i yrkestransportloven

Til § 37 a

Regelen er ei vidareføring av reglane i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstavane a, b og f med endringar i samsvar med ordlyden i yrkestransportloven med omsyn til dei ulike transportformer.

For at det skal kunne stillast krav om kjøresetel, må transporten skje «mot vederlag». Det blir presisert at kravet til kjøresetel gjeld føraren, medan kravet om løyve gjeld den som har transporten som næring. Det er ikkje avgjerande om transportøren har hatt fortjeneste ved turen eller om motivet for turen var å oppnå fortjeneste. Kan det konstaterast at vedkommande som driv transporten har fått vederlag i ei eller anna form, vil det kunne stillast krav om kjøresetel.

Kjøresetelen gjeld persontransport mot vederlag ved bruk av drosje, selskapsvogn, turvogn, rutevogn eller motorvogn som er spesielt utforma og/eller utstyrt for transport for funksjonshemma. Det er innehavaren sitt førarkort som avgjer om han kan bruke kjøresetelen på alle motorvogngrupper. Eventuelle andre avgrensingar for bruk av kjøresetelen eller bestått kjennsprøve skal påførast kjøresetelen.

Til § 37 b

Regelen er ei vidareføring av regelen i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav d. Det er ikkje lenger vist til dei bestemte reglane i førerkortforskriften om helsekrav til førarkortklassane. Dette slik at ein for framtida ikkje skal måtte til med lovendring når heimelen for krava til helse endrar seg. Ut over dette er det inga realitetsendring med omsyn til innhaldet i regelen.

Til § 37 c

Regelen er ei vidareføring av reglane i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav c og e.

Til § 37 d

Reglane er ei vidareføring av reglane i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav i tredje ledd.

Til § 37 e

Reglane er ei vidareføring av reglane i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav i første og andre ledd med terminologiske justeringar i tråd med dei justeringane som er gjort for reglane om beslag av førar-

Om lov om endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag)

kort. For ytterlegare kommentarar blir det vist til Ot.prp. nr. 52 (2002–2003).

Til § 37 f

Reglane er ei vidareføring av reglane i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav h. Likevel slik at avgrensinga med omsyn til kva for lovbrøt som kan medføre tap av retten til å ha kjøresetel er utvida i tråd med konklusjonen i Ot.prp. nr. 52 (2002–2003) s. 50, og at kompetansen til å fastsetje tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag på grunn av straffbart forhold er overført til domstolane.

Til § 37 g

Regelen er ei direkte vidareføring av regelen i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav i andre ledd.

Til § 37 h

Regelen i *første ledd* er identisk med regelen i førerkortforskriften § 40 nr. 2. Etter omorganisering i Statens vegvesen er det no regionvegkontora som treffer vedtak.

Regelen i *andre ledd* inneber ei endring i høve til tidligare rett. Etter førerkortforskriften § 43 var det Vegdirektoratet som kunne gjere unntak frå reglane om kjøresetel. I tråd med at det er Politidirektoratet som er klageinstans for vedtak treft av politiet, bør det og vere Politidirektoratet som er rette vedkommande for søknader om unntak frå regelverket om kjøresetel. På den måten får ein samla kompetansen i forhold til regelverket hos ei styresmakt. Unntak kan berre gjerast i einskilde tilfelle.

Til § 37 i

Første ledd er ei vidareføring av reglane i førerkortforskriften § 7 nr. 7 bokstav h siste punktum og gjeld berre ved tilbakekall av kjøresetel med heimel i § 37 f første ledd.

Som ein konsekvens av at kompetanse til å fastsetje tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag, må politiet på tilsvarende måte som for tap av retten til å føre førarkortpliktig motorvogn, kunne forkorte lengda av tapet av retten til å ha kjøresetel. Regelen er ei vidareføring av regelen i vegtrafikkloven § 39, som etter lovendring 7. april 2003 nr. 77 vil bli plassert i vegtrafikkloven § 40.

5.2 Til lovforslaget del II – ikraftsetjing

Departementet foreslår at forslaget til lovendring i yrkestransportloven trer i kraft frå 1. januar 2004.

Departementet vil sørge for at reglane om kjøresetel i førerkortforskriften blir oppheva frå same dato.

Samferdselsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om lov om endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Om lov om endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag)

Forslag

til lov om lov om endringar i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag)

I

I yrkestransportloven 21. juni 2002 nr. 45 blir gjort følgjande endringar:

Nytt kapittel 7A skal lyde:

Kap. 7A. Kjøresetel

Ny § 37 a skal lyde:

§ 37 a Virkeområde

Førar av drosje, selskapsvogn, turvogn, rutevogn og motorvogn som er spesielt utforma og/eller utstyrt for transport for funksjonshemma, må under persontransport mot vederlag ha kjøresetel i tillegg til førarkort.

Kjøresetelen gjeld for heile landet og blir utferda av politimeisteren eller den han gir myndigheit der vedkommande bur. Det er ikkje nødvendig med ny kjøresetel ved skifte av bustad, jf. § 37 c andre ledd.

Kjøresetel blir utferda for 10 år. For person som er fylt 60 år blir kjøresetelen utferda for fem år, men ikkje lenger enn til innehavar fyller 70 år. Dersom særlege helseforhold tilseier det, skal perioden kjøresetelen er gyldig for setjast kortare.

Ny § 37 b skal lyde:

§ 37 b Søknad om kjøresetel m.m.

Søknad om kjøresetel skal gjerast på fastsett blankett. Legeattest skal leggjast ved søknad om kjøresetel og søknad om fornying av kjøresetel.

Det blir stilt same krav til helse m.m. som for førarkort klasse D og DE. Dersom innehavar av kjøresetel ikkje lenger fyller dei krava som er sette for syn, hørsel og førleik, pliktar vedkommande å gi melding til politiet.

Politiet skal gi kjøresetelen påteikning om eventuelle avgrensande vilkår.

Ny § 37 c skal lyde:

§ 37 c Vilkår for tildeling av kjøresetel m.m.

Den som skal få kjøresetel, må være fylt 20 år og ha slik vandel at politiet ikkje finn vedkommande uskikka til å virke som førar av slik motorvogn som nemnd i § 37 a.

Politimeisteren eller den han gir myndigheit kan bestemme at det for å få kjøresetel for drosje skal krevjast avlagt prøve som viser tilstrekkeleg kjennskap til løyvedistriktet. Er slikt vedtak sett i verk, gjeld ikkje kjøresetel frå anna politidistrikt utan påteikning frå politiet om at vedkommande har stått til kjentmannsprøven.

Ny § 37 d skal lyde:

§ 37 d Mellombels nekting av kjøresetel

Blir ein som ikkje har kjøresetel med skilleg grunn mistenkt for straffbart forhold, som kan vere avgjerande for retten til å få kjøresetel, kan politimeisteren eller den han gir myndigheit bestemme at kjøresetel ikkje skal utferdast før saka er endeleg avgjort, likevel ikkje ut over tre månadar utan orskurd frå tingretten.

Ny § 37 e skal lyde:

§ 37 e Beslag av kjøresetel

Finn politiet at innehavar av kjøresetel med skilleg grunn er mistenkt for straffbart forhold som kan medføre tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag, jf. § 37 f andre ledd, kan ein polititenestemann ta kjøresetelen frå innehavaren. Spørsmålet om å oppretthalde beslaget skal så snart som mogeleg leggjast fram for ein tenestemann som tilhører påtalemakta. Avgjerda skal gjerast skriftleg. Dersom den mistenkte ikkje samtykker i beslaget, må spørsmålet om fortsett beslag av kjøresetel innan tre veker sendast tingretten til avgjerd.

Ny § 37 f skal lyde:

§ 37 f Tilbakekalling og tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag

Politimeisteren eller den han gir myndigheit, kan treffe vedtak om å kalle retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag tilbake, dersom vedkommande ikkje er edrueleg eller viser seg å vere upåliteleg eller å ha andre eigenskapar som gjer at han må reknast som uskikka til å vere førar av bil under persontransport mot vederlag.

Blir den som har kjøresetel ilagt straff, kan det i same dom eller ved førelegg fastsetjast tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag

Om lov om endringer i lov 21. juni 2002 nr. 45 om yrkestransport med motorvogn og fartøy (domstolsbehandling av tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag)

for ei bestemt tid eller for alltid, dersom allmenne omsyn elles krev det.

Ny § 37 g skal lyde:

§ 37 g Innlevering av kjøresetel

Ved beslag av kjøresetel, tilbakekalling eller tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag, pliktar innehavaren straks å levere kjøresetelen til politiet.

Ny § 37 h skal lyde:

§ 37 h Klage og unntak

For vedtak treft av politiet er Politidirektoratet klageinstans. I klagesak om krav til helse og førleik for kjøresetel, skal politiet byggje på endeleg avgjerd frå Statens helsetilsyn om helsemessige tilhøve. Gjeld klagen krav til førleik som er avgjort av regionvegkontoret, skal politiet byggje på endeleg avgjerd frå Vegdirektoratet. For vedtak treft av regionvegkontoret er Vegdirektoratet klageinstans.

Politidirektoratet kan i særskilde høve gjere unntak frå reglane i kapittelet her.

Ny § 37 i skal lyde:

§ 37 i Forkorting på grunn av etterfølgjande forhold m.m.

Tilbakekalling av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag er ikkje til hinder for at politimeisteren eller den han gir myndigheit utferdar ny kjøresetel dersom dei grunnar som medførte tilbakekallinga ikkje lenger er til stades.

Dersom særlege grunnar talar for det, kan politimeisteren eller den han gir myndigheit forkorte den perioden for tap av retten til å føre motorvogn ved persontransport mot vederlag som er fastsett ved dom eller førelegg, jf. § 37 f. Dersom sær sterke grunner talar for det, kan perioden forkortast sjølv om minstetida etter lov eller forskrift ikkje er gått ut.

II

Loven gjeld frå 1. januar 2004.





Trykk: A/S O. Fredr. Amesen, November 2003